



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinneklag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinneklag



Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

September 1996



Glade unger i aktivitet på Åpen Gard

side 3 og 7

Iselin Skretting og Ruth Marie Nord-Varhaug

Varhaug Bondekvinneklag

Besøk i fra Estland

side 10

Varhaug BU



"Midtsommer- sprell" på Skrettingland

mer på side 4

Varhaug marken

Bondekvinneklaget si utstilling

Side 9

Rapport fra bondelaget

Side 6

På an igjen!!

Sommeren er definitivt over. Etter ein heller kald og «jesen» juni og juli, kom varmen for fullt i august og gav oss ein god smak på korleis ein sommer skal vera. Nå er det september. Ungane har begynt på skulen att med sine nysmurde, knirkefrie sykler og med sine fargesprakande hjelmer, det at dei må gjennom 180 skuledager før det på ny er sommerferie ser ikkje ut til å leggja nokon demper på humøret. Unger er som unger alltid har vore - heldigvis!!

Lag og foreningar har såvidt kome i gang etter ein velfortjent sommerkval. Internatet er ikkje noko unntak i så måte. Vi er alle i gang med å førebu oss på det som skal skje av aktiviteter utover hausten og vinteren. Haus-

ten er årsmøtetid for laga på Internatet, og mykje av aktiviteten er prega av dette. Rekneskapen skal gjerast opp og reviderast, årsmeldinger skrivast og trykkjast. Valgkomiteer er i full sving med å prøve å finne nye styremedlemmer til erstatning for dei som slutter av, noko som ikkje er like lett alltid. Det verker som om folk flest har vorte støreare å få ut or godstolen. Det har kanskje noko med at vi er vorte så vande med å la oss underhalda av andre at vi har glømd av kor viktig det er å vera med sjølv. Viktig for vår eigen personlege utvikling og for det samfunnet og den bygda vi lever og bur i.

Det er som kjent laga på Internatet som gjer ut Varhaugbuen. Det er vårt mål at

bladet skal vera både til «nytte og hygge». Vi er glade for tilbake-meldinger med både ris og ros, det er på den måten vi kan utvikle oss til å bli stadig bedre. Vi er og glade for tips om ting som vi bør ta opp/ha med i bladet. Ta kontakt!!

Vi ynskjer alle Varhaugbuer ein god og aktiv haust!!

sh

Som dei fleste vel har fått med seg, så fekk INTERNATET ein flott omtale i Jærbladet tidlegare i sommar. Etter den tid har 4H starta oppfiksinga av møteromet i kjellaren. Dei har fått ut dei gamle møblene, har mala vegger og tak og fått nytt golvbelegg. Når alt er ferdig, skal det inn andre møbler og så har 4H og fått eit flott møterom.

BU-romet på loftet er omtrent ferdig, og klar for innflytting. Der har det helst stått stille nå i sommar, men med hausten aukar og møtaktiviteten, og då må det gjerast ferdig.

Internatstyret har søkt Time Sparebank om støtte til kjøp av møbler til dette romet, og der har me fått eit positivt svar.

TAKK til Time Sparebank som nok ein gong har gitt støtte til INTERNATET!

Helsing Internatstyret.

Internatet har fått telefon

51 43 78 20

EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL BYGG AS
SKRETTING &
INGEBRETHSEN

Tlf./fax 51 43 04 95
Mobiltlf. 94 41 94 19

Tradisjon i solid håndverk



*Holder Norge
i form*

**STØRST Å BEST I SPORT I HÅ
G-SPORT NÆRBØ**

G-SPORT NÆRBØ, TORSENTERET, 4350 NÆRBØ
TFL: 51 43 43 42



Åpen gard på Skretting


Søndag den 11. august var det åpen gard hos Erik T og Solfrid Skretting, og Leif Arne og Bjørg Solveig Skretting.

Hesteridning var ganske populært blant ungane. Inne på løa til Leif-Arne var det kalvar, kaniner, hester og gris med grisunger.

4H hadde salg av t-skjorter og sokkar. Natursti var det også, og mange deltok. Vinnaren var Fam. Bue frå Ålgård.

Ida Johanne Skeie, Juliann Årdal og Anne-Mette Bjelland hadde utstilling. Det var fint vær og mykje folk.

Siv-Helen Ueland og
Marit Kartevold



Aspiranttur

Fredag 7. juni reiste 16 aspirantar og juniorar på leir til Møgedalen i saman med 4H medlemmer fra Nærbø, Vigre, Vigrestad og Brusand.

Været var fint då vi tok ut og vi fekk rigga oss til med telta med ein gong vi var framme. Då alle hadde kome på plass og vi skulle grilla kom regnet. Det var bare å koma seg i hus. Men regnet stoppa oss ikkje, vi spelte kort, laga vennskapsleuker og hadde sangleikar. Utpå kvelden kraup ein del av medlemmane i soveposane, men der blei dei ikkje lenge for regnet spruta ned, lynet lyste opp heile himmelen og det tordna så det loma mellom fjella. Maken til tordenvær har ikkje mange jærbuar opplevd! Det blei lite soving denne natta. Været snudde på lørdagen så fekk vi tørka klær og soveposar. På dagen hadde vi natursti, volleyballkamper, hesteko-kasting og pistolskyting. Bading blei det og av dei tøffaste. Neste natt blei det litt meir soving.

Søndag var det bl. anna finalar i volleyball, og i finalen kom Svala 1 mot Svala 2. Så Svala 4H var uansett best.

Då foreldrene kom for å henta sine håpefulle var dei trette, men tilfredse ungar dei fekk heim.

Λ&Λ

Familietur til Bodle

Tirsdag 20. august starta Svala 4H opp etter ferien med krabbetur til Bodle. Ein liten men entusiastisk gjeng møtte opp. Konsentrasjonen var på topp då fiskarane låg på kvar sine steinar og lurte med agnet for å få krabbenapp. Gleda var stor kvar gong ein lukkast. Krabbane hamna i gryta og vart kokte i strandkanten. Nokre var det mat i,



Alle samlast rundt krabbe-gryten



andre ikkje. Men godt smakte dei. Det var ein nydeleg sommarkveld, og det gjorde at fleire hoppa i sjøen for eit avkjølande bad.

Tone Elin Berge og Kristin Nord-
Varhaug prøver seg på krabbene

Sentrum salongen

DAMEFRISØR - HERREFRISØR
ORIG.WOLFF SOLARIUM

Møllevegen 13

Telefon: 43 11 02



"Midtsommer-sprell"

Godt og vel 250 dansegilde møtte fram på låvedansen som var hovedaktiviteten på årets fylkesleir, eller midtsommersprell. Spellemennene Tommy og Tiger'en gjorde sitt til at det var fullt kjørt på dansegolvet heile tida, og den fint pynta låven til Jonas og Alfild på Skrettingland gjorde ein fin ramme om det heile

Musikktevling

Det heile starta med ei musikktevling der dei fleste leirdeltakarane deltok. Det var ikkje ei sjel å sjå på overnattingsområdet når denne gjekk av stabelen. Dei som ikkje deltok var heiagjeng. Det sei-
rande laget her vart Marlen Bråddli, Herleif Hobberstad og Steinar Malmin.

På programmet stod det òg ein aktivitetssti, p.g.a. lite folk blei denne avlyst. Synd! For her var det lagt opp til mange ulike aktiviteter underveis, festlige innslag får me vel seia.

Kvinnebæring

Det var noko heilt nytt som me fekk



Richard Hobberstad og Jonny Mæland i eit avslappende øyeblikk utanfor billettbus

snus i skulle verta arrangert på årets landsstemne, så me fant ut at me kunne ha uttaket på midtsommersprellen. Per Spødervold var i kontakt med landsstemnekomiteen og fekk regler samt forklaring på opplegget.

Me var veldig spente på hvordan det ville bli mottatt, men bekymringene blei



På marka som var reservert for overnattingsgjester. M. ryggen til: "Bella" (Bent-Eirik Brunnes) og Steinar Malmin. Bak.f.v. Kjetil Ejjestad og Alf Egil Skreå

fort lagt tilside når me såg at deltakerantallet vaks hele tida.

Det heile gjekk ut ifrå ei hinderløype der gutane skal gå gjennom denne med bind for augo, og ei jenta på ryggen.

Jenta er veiviser og styrer det heile. Løypa bestod av: Slalom, vippebrett, jurklutkasting og spikerslåing. Det samla seg mange skuelystne som heia og skreik når dei håpefulle klarte utfordringa.

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT

H&O

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76



N • A • R • F
NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



Varhaug Bygdeungdomslag



Vår lokale sangsstjerne Dag Madland, hadde en fin opptreden i lag med Tommy og Tigeren

Best var Kristin Søyland, Gjesdal og Torbjørn Barka, Time som klarte løypa på utrullege 42 sekund!! , mest bare halvparten av den tida dei nest beste brukte.

Swing og bål

Det store trekkplasteret var swingdansekonkurransen. 8-10 par dansa seg gjennom 3 dansar, mens dommarane granska dansarane med kritiske blikk. Det var eit fint publikum tilstades som såg på og oppmuntra dansarane til å yta maksimalt. Vinnarane blei Cathrine Wintherstøe, Sokndal og Per Terje Dalen, Nærbø. Desse to samt fire andre par gjekk vidare til NBU-mesterskapet i swing på landsstemnet.

Kl. 24:00 blei det store Jonsokbålet lent, og ein del svermande par var borte og såg. P.g.a ganske god vind blei det ikkje opplyst om at dette blei tent. Dette fordi me ikkje ville ha noen ulykker, men me håper allikevel at det var endel som fikk det med seg.

Bra arrangement.

Me i Varhaug BU er godt fornøyde med arrangementet. Vi hadde eit delta-



Øydis, Halvor og Elisabeth kosa seg på dansen

kerantall som låg høgt over budsjettet, men allikevel gjekk det kjempefint for seg.

Når dansen var slutt var det for dei som budde på Skrettingland til å finna overnattingskupèen, og halda fram med festivitene til morgons.

Til slutt vil me i arrangementkomitèen takke grunneig-are Alfild og Jonas, samt Bondelaget for god vakt, og ellers alle som har vore innvolvert på ein eller anna måte.



Åslaug Årslund og Irene Omland i kiosken som me hadde laga til på låven

HÅBYGG a.s

Dublandsveien 37, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87

**HOS OSS KAN DU BETALE REGNINGENE
DINE PR. TELEFON.
INGEN GEBYR!**



TIME  SPAREBANK



Varhaugmarken

Når vi i styret vel å referera frå Varhaugmarken så er ikkje det utan grunn. Dette er eit arrangement som vi er tungt inne i og som vi legg ned mykje arbeid med. Årets marken skilde seg vel kanskje ikkje så mykje ut frå tidligare år, den største forskjellen var vel kanskje at veret laga litt trøbbel for oss under frokosten



Men så kom heldigvis sola utpå dagen

Sommarens kraftigste regnhyge kom under frokostforebuinga, Halvor Egeland og Torgny Anestad vrir filler og turker bord for harde livet.

laurdag morgon. Ein annan forskjell var at siloslåten ikkje hadde teke til slik at det var lettare å få med folk (bønder). I Bankstaffetten gjorde vi det godt i år. Vi kom i mål som nr. 2 og havna til slutt på 6.plass. Forstå det den som kan!

Arsmøtet


Sjolv om alle medlemmer får eiga årsmelding og innkalling til årsmøte, så ynskjer vi gjennom Varhaugbuen å oppmoda våre medlemmer om å måta opp onsdag 25/9 kl.1930 i Banksalen. I tillegg til vanlege årsmøtesaker og god middag, kjem Myrtel Grødem som er styremedlem i Rogaland Bondelag og i Norges Bondelag der ho i tillegg er medlem av aksjonsutvalet. Ho kjem til å snakke spesielt om jordbruksaksjonane i vår og om Venger saka. Her vert det høve til å seia si mening, så møt opp!!!

Valgkomitèen i bondelaget

Når dette skrives held me på med siste rest for å få kabalen til å gå opp. Sjolv om me berre har vore 2 (det tredje medlemmet trekte seg p.g.a. Venger-saka), tykkjer me stort sett at arbeidet har gått greitt. Dei me har spurt og fått nei frå, tykkjer me har hatt «lovleg» grunn til dette. Men i det heile har folk vore positive, så det har ikkje vore det fælaste me har vore med på.

Me vil med det same oppfordra folk til å koma på årsmøtet 25. september!

Oddmund og Liv.



SR-BANK

Best når det gjelder!



Åpen Gard 11 august.

Dette året var det Varhaug sintur til å arrangere Åpen Gard. Dette er eit samarbeid mellom Varhaug B L, Varhaug BKL, Varhaug BU og 4H. Me valde å leggja dette til Skretting hjå Leif Arne Skretting og Erik T. Skretting. Dette viste seg å vera ei glimrande løysing.

Etter fleire møter med planlegging var 15 - 20 personer i sving på laurdagen for å gjera i stand til å ta i mot besøk søndag 11/8 som var dagen Rogaland og heile landet skulle åpne gardane for publikum. Som «Åpen Gard» seier skal garden opnast for alle som er interesserte i det som rører seg på garden. Me hadde dyr på begge gardane, hest og ku og gris hjå Leif Arne, og sau, hund, høns og ponni hjå



Erik T og Solfrid Skretting serverte solid frokost til oss søndag morgon



Per Erik Skretting og hesten hans hadde ein travel dag

Erik T. Her var det ridning både på stor og liten hest samt mulighet å få seg ein tur med hest og kjerre for dei minste, noko som synt seg å vera svært populært. Populært var det og å hoppe i høyet hjå Erik T. Me fekk uventa besøk av ein Vigrestadgjeng på veterantraktorer som dei viste fram - flott gjort!!

4H hadde lagt opp fin natursti i fint terreng ut frå garden til Erik, som mange gjekk igjennom.

Bondekvinnelaget hadde ansvaret for mat og kaffi. Her var mykje godt som folk koste seg med i det fine veret.

Grillinga tok svin og sauefolket seg av, dette er noko som dei kan.

I det fine og varme veret var det ca:700 personer som var innom på besøk, noko som me må seia oss nøgde med sjølv om me kunne ynskt at meir av bygdefolket hadde teke søndagsmiddagen/kaffien på Skretting denne dagen.

Takk til familiane Erik T og Leif Arne som tok på seg det ekstra arbeidet som det er å vera vertar for Åpen Gard. Takk og til alle som på eine eller andre måten var med og

hjalp til før og under arrangementet.

Torgny



Denne rolege førstelagspurka måtte finne seg i litt av kvart



AH Bygg Austad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug



Svein Lobekk
Tlf. 51 43 09 99



Bondeaksjon i Oslo

Den 10 juni reiste Olav R Husveg og Arne Odland saman med 18 andre frå Rogaland til Oslo for å markera bondenes misnøye med Regjeringas tilbod i jordbruksoppgjeret. Det skulle samlast rundt 1000 bønder og andre med tilknytning til jordbruket i Oslo denne dagen.

Me kom til Oslo i 13 tida der me samla oss på Løvebakken utanfor Stortinget for me tok ein tur i gatene der me tok kontakt med tilfeldige personer som me traff på. I tillegg til ein pose gulrotfrø fekk hovudstadsbebuarane med seg ein brosjyre som forklarte korleis gulrotene skulle dyrkast. Dette gjorde me for at folk skulle skjønna at maten dei kjøper ikkje kjem til butikken av seg sjølv, men at mykkje arbeid ligg bak dei forskjellige produkta som tilbys. Dei aller fleste som me snakka med hadde forståing med at vi ikkje var nøgde med tilbodet frå Regjeringa. Dei ga og tydelige signal på at dei var villige til å betala litt meir for norske matvarer pga den stabile gode kvaliteten som desse varene har.

Seinare på dagen var det demonstrasjon på Løvebakken med appellar frå bønder, allsang, musikk og underhaldning av ymse slag, bl.a. viste Per Inge Torkildsen seg å vera ein sær god ambassadør for bondene og jordbruket.

Det var med ein følelse av at vi hadde vore med på ein opplevelsesrik og nyttig dag vi satte oss i flyet på veg heim til siloslått og god jærsk kvardag.

Arne

Bilder fra andre arrangement



Høvding og Dronning? - Ein tydelig stolt Arne Odland helser på Anne Fenger Lahnstein som var taler under årets 17. Mai på Varhaug



Folk koser seg med grillmat og drøs i solveggen ca 150 stk. møtte - bra!!

Frå grillkvelden på Holmavatnet 3/6, grillen har vorte varm og folk kan koma

Gilde Agro Fellesslakteri BA

- Kjøttprodusentenes
- bedrift
 - interesseorganisasjon
 - varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE



Varhaug Handelslag



**Jæren
NATURTERAPI**

Gjertrud Hobberstad
Naturterapeut medl. NNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalandv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36



Bondekvinnelaget si utstilling på Varhaugmarken

Etter at vevkurset var ferdig i vår, gikk eg og tenkte: «Alt dette fine som er vorte vove, burde me hatt utstilt ein eller annan stad». I fjor var det nokre få ting som var utstilt i SR Bank, men det skulle vore noko meir. Så kom eg på Odd Lerbrekk sitt hus attmed banken; tenk om me kunne få leiga det?



Vel det gikk i orden med huset (som kommunen nå åtte), men eg tenkte det kunne vore gildt med litt anna enn vovne ting. Eg visste at mange av medlemmane i bondekvinnelaget var veldig kreative, og tok kontakt med ein del. Dette var alle somein veldig positive til. Dette var ein heilt spontan idè, og difor vart tida til å forbereda seg noko knapp. Men dei som var med og stilte ut, skal ha ein stor TAKK for den velviljen dei

synte til opplegget!

Det meste av dei utstilte tinga var kun til glede for augo, men det var og noko som var for sal. Med litt betre forebu- ing, kunne ein nok hatt endå fleire ting å selja.

Sjolv var eg diverre ikkje heime under Marken, men eg har fått høyra

m a n g e lovord om utstil- l i n g a , både frå publikum o g utstillar- ane. Viss det huset står like tomt til neste år (sikkert

ein alt for optimistisk tanke), kan me slå til med ei endå større utstilling. Det ga i alle fall meirsmak!

LIV

Bileta syner ein del av det som var på utstillinga



"God dag, god dag - er det nokre snille barn her"



Husk årsmøtet
Torsdag 26. september

Trenger du elektriker?



- o Husinstallasjoner
- o Varmekabelanlegg
- o Alt i industri/automatikk
- o Svakstrømsanlegg
- o Brannalarm
- o Tyverialarm
- o Data anlegg
- o Vedlikehold
- o Planlegging
- o Landbruksinstallasjoner

INSTALLASJONS- AVD.

Nærbo Handelslag, 4350 Nærbo
Kvalitet til riktig pris og hurtig service

Telefon 51 43 33 61 - 51 43 30 11

Vakttelefon 94 67 46 76





Litt om Estlandbesøket.

Rogaland bondekvinnelag har hatt besøk frå Estland, 38 stk inkl. engelsk og norsktalende tolk. Gjestene var innkvarterte privat sjå 15 familiar frå Stavanger til Moi. Nokre familiar hadde 2 buande sjå seg, mens andre hadde 6 slik som nestleiarer i Varhaug - Brit Kvå. Eg vil nytta høvet til å takka Brit for den kjempejobben ho gjorde med dette besøket.

Eg er både glad og takknemleg for at eg fekk vera saman med dei estlandske gjestene dei dagane dei var i Rogaland.

Første dagen var me invitert til Felleskjøpet, der gjestene fekk læra om organisasjonsarbeid. Dei har nemleg ikkje eigne bondekvinnelag heime i Estland, men er tilknytte eit distriktskontor. Nå ville dei læra korleis dei skulle verta meir sjølvstendige, og dei var veldig interessert i kvinnens rettigheter. Dei ville læra korleis dei skulle markedsføra og selja eigne produkt.

Det var ein vellukka dag på Felleskjøpet, der me og fekk servert middag, før ein tok ut på byvandring og butikkrunde i Stavanger.

Neste dag var det besøk på Gjesdal Spinneri, der me fekk full gjennomgang av fabrikkasjonen. Dei estlandske damene var veldig interessert i norske mønster, og det var og høve til å kjøpa billeg garn.

Etterpå gjekk turen vidare til Frafjord, og tur opp til Månefossen. Og dei som har vore der, veit at dette er litt av ein tur!

Vel nede igjen vart me møtt av Gjesdal bondekvinnelag som serverte oss grillmat,

kaffe og kaker. Dette smakte godt etter klatreturen til Månefossen.

Så reiste me vidare til Byrkjedalstunet, gjennom Gloppedalsura og til Auro fabrikkutsal i Bjerkreim.

Dagen etter var det gardsbesøk sjå Anne Grete og Oddmund Hognestad Line. Der var det og folk fra meieriet som snakka om hygiene i samband med mjølkeproduksjon.

Deretter reiste me til Wenche og Kåre Qualbein. Der fekk me servert laksesuppe. Me fekk og ei orientering om kva dei dreiv med på garden.

Det var og lagt opp til eit besøk i Ognakyrkje der Reidun Qualbein ga ei orientering om kyrkja si historie, før me reiste vidare til Bente Aarsland. Som vel dei fleste kjenner til driv Bente med sal av blomster og krydderplanter.

Om kvelden var Varhaug bondekvinnelag vertskap på Jærmuseet.

Der fekk gjestene sjå utstillinga «Bonde eller kone - Norges bondekvinnelag 1946-1996».

Så bar det til fine pynta bord for å få seg litt mat. Men først var det helsingar og talar.

Då var det nok mange som ikkje fekk med seg alt som vart sagt. Det er ikkje alltid så lett når ein skal snakka via tolk, og ein heller ikkje hadde mikrofon. Men eg håpar de som var der fekk med dykk det viktigaste.


Gammeldansgruppa til Varhaug Idrettslag stilte opp i bunader, og hadde ei lita fin oppvisning for oss. Seinare fekk me og sang og musikk av Håkjerringane.

Før kvelden var slutt, var det utdeling av gåver. Det var ikkje mykje pengar dei estlandske gjestene hadde å rutta med, men dei hadde med seg utruleg mange fine heimelaga gåver, frå brød til strikka strømper.

Som er sa i innleiinga, så er eg veldig glad for at eg fekk vera saman med desse gjestene i 3 dagar. Dei ga meg utruleg mykje, og eg håpar at eg ein gong kan få høve til å reisa til Estland på besøk.

Gjestene frå Estland skulle reisa heim neste dag. Dei tykte kvelden på Jærmuseet var ei fin avslutning på desse dagane i Rogaland. Eg håpar at de frå Varhaug og tykte det var ein gild kveld.

Helsing Jenny Hadland.



**Varhaug
Servicenter A/S**

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**



Tur

Stor var skuffelsen då bondekvinnelaget for andre året på rad, måtte avlysa den planlagte turen.

Både ifjor og i år hadde turkomiteen lagt ned eit stort arbeid. Dei hadde ordna med program, skyss og guide, men så melde det seg ikkje mange nok til at det vart noko av turane.

Etter dette trur me ikkje det er noko vits i å velja turkomite, men meiner medlemmane at det er behov for ein tur, får me heller koma tilbake til det seinare.

Styret i bondekvinnelaget

Studiearbeid

Bondelag, bondekvinnelag og bygdeungdomslag i Varhaug, Vigrestad og Ognå har saman med Sør Jæren Sau og geit danna eit lokalt BSF-lag. Dette er bl.a. gjort for å letta arbeidet for studieleiarane. Ilfå BSF har gjort avtale med Hå Gardsrekneksapslag, som skal ta seg av rekneskapen o.a. i samband med dei kursa som laga set i gang.

Sjå i kurskatalogen som kommunen har sendt ut. Kanskje er det kurs som passar for deg?

Kurs

Vevkurs

Bondekvinnelaget har planar om nok eit vevkurs, men når dette vert skriva er det ikkje nok påmelde til at kurset kan koma i gang. Har du lyst til å læra å veva, så meld deg på.

Datakurs for nybegynnere

Me må vera fleire for at dette kurset skal koma i gang.

Er du interessert, ta kontakt med Liv på tlf. 51 43 03 93.

Toving av ull

Til dette kurset er det og ledig plass. Kurset går over ei heig (fredag, lørdag og søndag i oktober)

Betre
å eiga
enn å leiga



Husbankfinansiert, med livsløpstandard.

Kontakt:



BYGGMESTER

**Jon Harald
Håland**

Kydlandsv. 6, 4360 Varhaug, mob.tlf. 94 67 66 48

Tlf. 51 43 07 70 - (priv.) 51 43 05 03.



- fagkunnskap gir trygghet.

Runde tall

Deisse medlemmane i bondekvinnelaget har hatt runde og halvrunde dagar i 1996:

Ingerd Aanestad, 95år, 4. februar

Serina Nord-Varhaug, 80år, 27. mars

Malena Bratland, 75år, 29. august

Kjellaug Høien, 80år, 13. september



JARLSBERG
«WORLD-WIDE»

Jarlsberg er forbunde med kvalitet. Den er osten for kjennarar og den største eksportsuksessen i norsk meieriindustri. I dag finn ein Jarlsberg i 90% av alle supermarkeder i USA.

Rogalandsmeieriet er blant dei største produsentane av Jarlsberg i Noreg.

Rogalandsmeieriet



Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjæret 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneklag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Roy Arnfinn Håland
Tlf: 51 42 46 34

Hege Kvía

Tlf: 51 43 07 00

Svala 4H

Astrid Skretting
Tlf: 51 43 10 81

Varhaug Bondelag

Sjur Håland
Tlf: 51 43 00 73

Torgny Anestad
Tlf: 51 43 01 15

Varhaug Bondekvinneklag

Liv Høbberstad
51 43 03 93

Chonstance Håland
Tlf: 51 43 02 68

Kva skjer?

Varhaug BU:

Oktober
18-20 Haustkurs, Fidjeland

Varhaug Bondekvinneklag:

September
26 Årsmøte

Oktober
31 Medlemsmøte

November
28 Adventsmøte

Desember
13 Julemøte (Husveggkrinsen)
saman med bondelaget

Svala 4H:

Oktober
25 Haustfest

Juni 97
27-30 Fylkesleir på Øksnevad

Varhaug Bondelag:

September
25 Årsmøte i Banksalen. Kl. 1930

Oktober
18 Bondefest sammen med Bonde-
kvinneklaget. Kl. 1930 -
Misjonshuset

November
18 Tur til Kvernaland/Underhaug

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anled-
ninger finner du i



Stasjonsveien 14. på Varhaug
Tlf. 51 43 12 72

Stoffrist:

5. November 1996

Til nr. 4
Bladet kjem ut uke 50

Lura Trykkeri a.s



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23